

Planlegging er viktig for eigarskifte

ALVER: – For mange ventar for lenge med å planlegga eigarskifte i familiebedrifter.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Det var budskapet frå Kristian Skjølaas under samlinga Eierskiftealliansen i Hordaland hadde på Alver Hotell tysdag. Lokale bedrifter var inviterte til å få informasjon om både eigarskifte mellom generasjonane i familiebedrifter, og ved sal.

– Erfaringa er at ein ventar for lenge med slike eigarskifte, sa Skjølaas, som var innleiar under samlinga.

Han har erfaring mellom anna frå arbeid i NHO, og har heile arbeidslivet jobba særleg med dei utfordringane som gjeld små og mellomstore bedrifter (SMB).

– Ofte er det slik at dei daglege oppgåvene tek det meste av tida. Det kan også vera andre ting som stoppar eit skifte, kanskje er det utfordringar mellom senior og junior i bedrifta, spenning mellom søsken, eller ein gründer som ikkje vil gje slepp på bedrifta.

Lønsame sal

Skjølaas viste til statistikk som seier at lønsemda i familiebedrifter går nedover etter kvart som majoritetseigar/dagleg leiar nærmar seg pensjonsalderen. Dårlegare lønsemd gjev dårlegare pris ved sal. I tillegg vil mange selskapskjøparar vegra seg for å kjøpa ei bedrift der gründeren har annonsert at han eller ho vil slutta temmeleg kjapt.

– Dei bedriftene som skal ut for sal, må seljast medan det enno er eit positivt bilete for framtida.

I enkelte tilfelle er gründeren den som har heile kundelista og mykje annan informasjon «i husken», og dersom ein ikkje får dette overført til nye sjefar vert verdien på verksemda råka.

Viktige

Dei aller fleste bedriftene i landet vert rekna som små og mellomstore, og nitti prosent av alle verksemdar i landet har under tretti millionar i omsetnad. Det gjer problemstillingar rundt generasjons- og eigarskifte til ei nasjonal utfordring, og det er med statleg støtte at Eierskiftealliansen no reiser på turné for å diskutera emnet med bedriftseigarane.

– Desse bedriftene er rett og slett viktige for sysselsettinga rundt om, seier Skjølaas.

Han var nøye på å definera eigarskap som ei oppgåve, og ikkje som ein tilstand. Det krev at ein aktivt tek standpunkt til korleis bedrifta skal utvikla seg.



SIN EIGEN SJEF: – Det er kjekt å kunna styra sin eigen kvardag, og kjenna at ein skaper noko for samfunnet. Me har også nokre fantastiske medarbeidarar, det er viktig.

Foto: Ketil Tjore

Eknes Karosseri AS med framtidsvyer

HILLESVÅGEN/ALVER: Hå Eknes Karosseri AS er eigarskiftet undervegs mellom generasjonane. Og yngste generasjon vil utvida vidare.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Ragnvald Eknes etablerte bedrifta i 1965 i ein garasje, og etter nokre år vart det eige bygg i Hillesvåg, like ved E39. I dag er det sonen Eirik Eknes som er dagleg leiar, og framleis driv dei med utbygging steg for steg.

– No planlegg me eit nytt bygg, slik at skade og lakking skal få betre plass, fortalde Eirik Eknes under samlinga på Alver tysdag.

Rett nok har dei gjort seg nokre tankar om kva bedrifta er verd, men salstankar har dei ikkje. Eirik vil gjerne driva vidare med verkstad og som bilforhandlar.

– Me har giv, og skal knalla på i alle fall i femten år til.

Heile familien

Eirik Eknes var den lokale representanten

under samlinga på Alver, og fortalde om eigarskiftet i firmaet faren etablerte. No er det sonen Eirik som jobbar lange dagar, på den måten som han eigentleg hadde bestemt seg for å ikkje ha det.

– Eg meinte også at ikkje heile familien skulle jobba der. Men no har kona mi jobba der i sju år, og borna er deltidstilsette.

Eknes var inne på kor innfløkt det kan vera å gjera eit eigarskifte, der den yngre generasjonen etter kvart skal overta eigarskapet. Det er skattereglar å halda seg til, og frå nyttår kom det endringar i arvelova, alt saman ting som påverkar om det er mogleg å kjøra eigarskiftet utan at skatt og avgifter krev store summer.

Har hatt friarar

Eknes vart spurt om bedrifta har hatt friarar på døra, og stadfesta at dei har vorte kontakta av oppkjøparar.

– Men me er ei lita lokal bedrift, og har ikkje veldig lyst å slå oss saman med andre, sa Eknes.

Han minna også dei andre bedriftseigarane på at det er viktig å ta seg ut ei fornuftig løn medan dei byggjer opp, slik at

dei får ein grei pensjon når den tid kjem. Men løn og pensjon er ikkje den største motivasjonen.

– Det er kjekt å kunna styra sin eigen kvardag, og kjenna at ein skaper noko for samfunnet. I Toyota-systemet har me eit slagord som seier «kunden først», og fornøgd kundar er motiverande, i tillegg til at det er dei som betalar løna vår. Me har også nokre fantastiske medarbeidarar, det er viktig, sa Eknes.

Kanskje fleire

Kanskje vert Eknes Karosseri arbeidsplassen også for neste generasjon.

– Dei får ta sine val, eg skal ikkje pressa dei. Men dei er no «hjernevaska» om at me har det beste bilmerket med Toyota, sa Eknes.